

Spelemannslaget til fremjing av mäsagrödde låttar





© Knut Utler

FOTO: KNUT UTLER

Vyrde lýttrar

«Spelemannslaget til fremjing av møsagrodde låttar» er ei laust samansett gruppe av meir eller mindre ivrige hardingfeleutøvarar som anten er frå Valdres (dette er omdiskutert) eller bur i Valdres, men som i det minste har til felles at dei dyrkar og nerdar på valdrestradisjonen. Det fremste formålet til laget er å ta lite brukte låttar opp att i tradisjonen gjennom lagspel, og at låttane deretter kan vidareutvikle seg hjå eit knippe tradisjonsberarar.

Me spelar i hovudsak springarar, hallingar, lydarlått(ar) og bondelåttar. Som regel har me éi målsetjing for året, og det er å øve inn to nye låttar til Landskappleiken. Ein viss musikalsk framgang har likevel gjeve oss høve til å spela både meisterkonsert i Operaen og no CD-plate, så på det meste har me faktisk truga oss gjennom heile fire innstuderingar på éin kappleikssesong!

For å få fram det breie spekteret i Valdres-tradisjonen har me også prøvd å kompli-

sere ting ved å ta i bruk eit nytt felestille for kvart år. Sjølv om Jørn Hilme ifylgje Olav Moe skulle ha hatt låttar på 21 felestille, og han sjølv 13–14, kan me gjennom opptak og notenedskrifter dokumentere berre ti stille som har vore i bruk. No har me altså etter beste evne banka inn 18 låttar på ti ulike felestille etter 12 forskjellige kjelder. Det må no nærme seg ein eller annan verdsrekord for spelemannslag sin del. 16 av desse låttane har me brukt tidlegare på kappleik og meisterkonsert, medan to av dei er tekne inn på repertoaret for dette høvet.

Slit plata mæ helsen!

Helsing

*Frank Rolland, Jan Beitohaugen Granli,
Jørgen Kvam, Kjellbjørn Karsrud,
Magne Olav Selland, Mari Ormberg,
Ragnhild Biribakken, Sindre Tronrud,
Sivert Holmen og Syver Rolandsgard Hauge*



FOTO: BJÖRN NYLANDER



Spelemannslaget til fremjing av møsagrodde låttar

– reaksjonær nyskaping

Tidleg i januar 2014 tok Kjellbjørn Karsrud kontakt med spelemenn og -kvinner i Valdres med tanke på å restarte eit spelemannslag. Det har vore fleire spelemannslag i Valdres opp gjennom tidene. Såleis kan ein nemne Øystre Slidre spelemannslag, som var fyrst ute, då K.Ø. Rudi og Torleiv Bolstad tok initiativ til å stifte eit lag under krigen med Ola G. Okshovd som musikalsk leiar. Tidvis har ein også hatt bra drift i Vang med Valdreskvelven spelemannslag, i Nord-Aurdal med Vårflaumen spelemannslag og fleire spelemannslag i Sør-Aurdal. I tillegg til dette kjem uformelle grupper og konstallasjonar som har vore i sving opp gjennom tidene.

Det som var tanken denne gongen, var å unngå den klassiske «lagspelfella» med å gnikke opp att på dei same låttane som har vore brukte i alle år. Det er ikkje til å stikke under stolen at ein del låttar eignar seg betre for lagspel enn andre, til dømes har me i Valdres nokre me kallar tvibeitlåttar, som er relativt ukompliserte i forma med to vek. Andre låttar igjen kan ha fleire vek, men likevel

tydeleg vekstruktur. Fordelen med desse låttane er at alle kan dei i nokså lik form, og dei er enkle og trygge å ta i bruk. Nettopp difor kan det vera meir spennande og utfordrande å prøve ut låttar som er bygde opp etter små-motivsprinsippet.

På ei anna side så byr det på utfordringar; der det finst to hardingfelespelemenn, finst det stort sett også to ulike låtteformer. Ein kan sjølv sagt ta i bruk meir utbygde låttar frå standard-repertoaret og øve inn ei felles form, men me fann ut at om ingen kunne låttane frå før, så ville ein ha den fordelten at utgangspunktet var det same for alle. Det som ganske tidleg vart ein uttala ambisjon for laget, vart dermed nedfelt i fylgjande formulering: «Formålet med laget er å spela låttar som folk ikkje har høyrte på minst 50 år» (med unntak av Johanna Fuglesteg). Sjølv om låttane me har brukt, er sjeldne, må me nok innrømme at det har vore tilfelle der låttane har vore brukte innanfor den tidsgrensa me litt bråkjetta sette opp i 2014.

I utgangspunktet gjekk me breitt ut og baud



Frå fyrste øving i laget. Jan Beitohaugen Granli stemmer fela til Øyvind Lie.

inn hardingfelespelende valdrisar som kunne vera interesserte i å gje seg med i eit spelemannslag. Etter kvart har det likevel sementert seg ein kjerne med utøvarar som har vore med frå starten, med diverse tilskot etter kvart. I motsetning til dei fleste spelemannslag har me lagt oss på ei linje der me berre øver inn mot arrangement me skal delta på, noko som betyr at me stort sett begynner med låttane på ei påskeøving, før me intensiverer

øvingstrykket inn mot Landskappleiken. Dette medfører ein god del eigenøving og at lagsmedlemmane må vera i stand til å «ta» låttane relativt fort.

Kappleikssoge

I 2014 var det landskappleik på Geilo. Dei som var med og spelte i tevlinga då, var Jan Beitohaugen Granli, Sivert Holmen, Mari Ormberg, Magne Olav Selland, Øyvind Lie,

Laura Ellestad, Ragnhild Biribakken og under-
teikna. Til kappleiksdebuten hadde me øvd inn
«Trulsen» etter Embrik Beitohaugen og den
som me etter kvart gav namnet «Den som 'n
Knut Bergheim let jævla godt». Me landa på
ein heiderleg sjetteplass etter å ha øvd inn
låtane på Øen camping i Valdres-leiren kvel-
den i førevegen. Ein kommentar etter tevlinga
frå ein anonym sambuar til ein lagsmedlem
var: «Det let no overraskande bra, iallfall etter
å høyrte dikka på øvinge i går!»

Me heldt oss i Øystre Slidre då me fann to
låtтар på hælvrått til Landskappleiken på
Fagernes i 2015. Knut Bergheim d.y. er kjelde
til «Raklekjølkin» og «Tiggarlåttén», konstella-
sjonen var den same som året før, og det
heldt til ein femteplass.



FOTO: JAN BEITOHaugEN GRANLI

Fokusert øving i forkant av Landskappleiken
på Geilo i 2014.

I Vågå 2016 hadde me funne fram to «gorr-
lausingar» etter Ola G. Okshovd – som han
spelte inn for NRK i 1947 under dei fantasi-
framkallande titlane «Tassen» og «Huldrelått». Me vart introduserte av seinare stortings-
representant Ivar Odnes med ei rispe etter
Knut Steinsrud: «Veit døkk kå som æ skilna'n
mellom vællersen og apekattein? Jau, dæ æ
Vællersflye.» Denne gongen hadde Øyvind Lie
kasta inn handkleet til fordel for idrettsstu-
dium, men me kryssar fingrane for at han finn
attente til hardingfela før heller enn seinare.

I 2017 var Landskappleiken på Røros. Innan
den tid hadde storspelemannen frå Ulvik,
Frank Rolland, gjort valdris av seg og flytta
til Kolstad – Øystre Slidre. Det høvde godt at
han kunne stille dette året, fordi Sivert Holmen
måtte melde pass på grunn av at ein kjemt
stordansar frå Øystre Slidre hadde gløymt å
sjå i kappleikskalenderen i planleggingsfasen
av bryllaupet sitt. I tillegg fekk me det fyrste
opprykket frå juniorspelemannslaget, og med
det også den fyrste vangs gjeldingen i laget –
Jørgen A. Kvam. I Vågå året før hadde me
teke ein oppsiktsvekkande tredjeplass, og
denne gongen vart me nummer to, men det
må nemnast at det beste hardingfelespele-
mannslaget det siste tiåret, Gamlebanken,
var oppteke med Førdefestivalen, som diverre
også kolliderte med Landskappleiken dette



FOTO: KNUJT UTILER

Frå Landskappleiken på Fagernes i 2015.



FOTO: MJELLOKKEN

Frå Vågå i 2016.



FOTO: PER TOMAS S. KUJERVIK

Landskappleksdeltakingane har resultert i ei rekke pretensiøse fotosjuts.

året. Låttane me lét, hadde me etter høvesvis Ola Bøe og Ola G. Okshovd, «Fan i Bjerset» og «Liahaugen», på den grøne stilling.

I Trysil i 2018 var det liksom litt ekstra spenning knytt til lagspeltevlinga fordi det seinare dette året skulle arrangerast meisterkonsert i Operaen. Me landa på den klassiske samspel-lydarlåttan «Søtebroke åt Nertrøste» og den notorisk skakke og jamne «Slipesteinlåttan».



FOTO: RUNHILD HEGGEM

Sindre hentar premie ...

Til dags dato trur me at me ikkje har vore så lite samspelte i forkant, to av medlemmane i laget sat og innstuderte lydarlåttan i hotellbaren i forkant av innspelninga, men det meste klaffa då me fyrst kom opp på scena. Det vart fyrsteplass, og for fyrste gong vann eit harding-feilelag Landskappleiken etter samanslåinga av klassane i 2009, og dermed sikra me oss ein operatur. Laura Ellestad hadde ikkje høve til å vera med på grunn av familieauke, men me hadde sikra oss nok eit opprykk frå rekruttbassenget, Sindre Tronrud. I tillegg var Sivert attende, passe gira på landskappleik etter to år utan.

Til operaspelinga hadde me plukka fram to gamle veste-slidringar: «Tusselåttan» og «Hanse-Håkun», etter Knut Snortheim og Jørgen Bøe. Spelinga føregjekk sundagskvelden etter ei relativt fuktig Folkelarm-helg for enkelte, og etter ein sær lang dag i



FOTO: FRODE ROLANDSGÅRD

... medan resten av laget feirar i Valdres-kåken.



FOTO: RUNHILD HEGGEM

Frå meisterkonserten i Trysil 2018.

Opera-kulissane med mykje øving og venting fekk me presentert to nokså mæsagrodde saker på såkalla «Hanse-Håkun-stille» for over 1000 publikummarar.

2019 vart den siste landskappleiken før koronaen. Sett i ettertid kunne det nok kanskje ha enda der med, for laget kom ikkje saman att før våren 2022, då ein endeleg skulle i gang att med landskappleikar. I 2019 hadde me to på ljøsblått, ein halling etter Ukshøvd'n og springaren «Jahas i Haug» i form etter Knut Bergheim d.e. Den same hausten fekk me også æra av å spela «den siste konserten på Kvamshall», eit staseleg ungdomshus i Lomen som diverre må vike plass for ny E16-trasé.

Då me endeleg kom saman att i 2022, vart det med to låttar med lenkje til Telemark, som

hadde teke på seg å arrangere Landskappleiken tre år etter førre gong – «Friaren», ein lått komponert av valdrisen John Dahle, som berre har overlevd i tradisjon i Tinn med Johannes Dahle, og ein valdresisert Kivle-springar som Olav Moe i si tid lærte av Torkjell Haugerud. Denne gongen måtte både Sivert og Frank stå over på grunn av eit koronautbrot, og med det reknar me med at dei er ekstra klare for kappleikscomeback på landskappleik i Lom i 2023. Men no fekk me ei ny forsterkning frå rekruttane – Syver Rolandsgard Hauge. Sindre spelte «fere» denne gongen, og det vart ein andre plass for andre landskappleik på rad.

Kjellbjørn Karsrud



Frå Rjukan 2022.

FOTO: RUNHILD HEGGEM

HILME
ÅRET RUNDT

KONSERT

**SPELEMANNSLAGET TIL FREMJING
AV MØSEGRODDE LÅTTAR**



**RAKFISLAG OG DANS
ETTER KONSERTEN**

LAURDAG 23. NOVEMBER 19.00 //
KVAMSHALL, VESTRE SLIDRE
KR 300/250/150

WWW.HILME.NO

ARR: HILME ÅRET RUNDT OG VESTRE SLIDRE FOLKEMUSIKK- OG DANSARLAG

Konsertplakat frå siste speleoppdraget før koronaen.

LÅTTEOMTALE

1 «Grålysing», springar etter

Jørgen Bøe (grålysingstille, a-e-a-ciss)

Jørgen Bøe (1903–1966) var ein habil bygde-spelmann, busett på Mosåsen på Vestsida i Vestre Slidre. Det finst eit spoieband med dryge 20 opptak med han på Valdres folke-musikkarkiv. Broren, den meir kjente Ola Bøe



FOTO: ER-LAND NEFSTAD

Jørgen Bøe (t.v.) og Ola Bøe spelar i lag, truleg ein gong på 50-talet.

(1910–1986), er ein av dei mest veldokumenterte og premierte valdresspelemennene gjennom tidene.

Når det gjeld grålysingar, så hadde dei på lag ein funksjon før i tida: «Ja, de va dessa lättadn dei brukte ner de tok te å lyse tå ein ny dag, ser du. Då e va ung så hugsa e kosst de var, ner folk hadde dansa um natte så dei tok te trøytne, så stilde dei um te grålysing. Då verka dæ som eit sveposlag, då gjekk de me liv og lyst, og 'n Ola Ukshøvd sa 'då stakk de godt i haso på dessa krako, då, sa'n», fortel spelmann og tradisjonsformidlar Haldor Hegge (1907–1990) (Foss, 1975).

Arrangement: Sivert Holmen.

2 «Tiggarlåtten», springar etter

Knut Bergheim d.y. (hælvgrått, a-e-a-e)

Knut Bergheim d.y. (1906–1991) var frå Beito, og det var fleire blant Bergheims-karane som trakterte fela godt, mellom anna far hans Knut, Knut Bergheim d.e. (1874–1969).

Denne låtten har nokre slektningar på same stillinga, mellom anna hjå Ola Bøe, Andris Dahle (1925–1995), Trygve Bolstad (1943–





FOTO: JUKJENTY / VALDRESFOLKEMUSEUMKARIV

Knut Bergheim d.y.



Faksimilie frå «Lyarlåttane i Valdres».

2019) og Gullik Kirkevoll (1895–1978), men slik han er i Knut Bergheims utforming, er han nokså unik. Det er elles nokså uvanleg med pizzicato i tradisjonelle valdreslåttar.

Arrangement: Laura Ellestad.

3 «Raklekjølkin», springar etter

Knut Bergheim d.y. (hælvgrått, a-e-a-e)

Knut Bergheim d.y. fortel: «Denna låtten kalla mø Raklekjølkin, o' n' far let 'n øfto. O teksten va slek at: 'Inkji æ e nokon raklekjølke / o' inkji æ e så langt i frå / e æ'kje like dei heno følke / men lyt gå der dei andre går» (Bergheim d.y., 196?)

Arrangement: Sivert Holmen.

4 «Halling på ljøsblått», etter

Ola Okshovd (ljøsblått, g-d-a-d)

Denne låtten finst så vidt me veit, berre i opptak med Ola G. Okshovd (1872–1967).

I Valdres finst det éin halling og éin lydarlått på denne stillinga, bæe etter Ukshøvd'n, elles går det mest i springarar. Vårflaumen spelemannslag nytta låtten i Rauland i 2001, men elles har han vore særst lite i bruk.

5 «Jahas i Hauge», springar etter

Knut Bergheim d.e. (ljøsblått, g-d-a-d)

Dette er ein springar som høyrer til det eksklusive selskapet av låttar som berre finst i éi innspeling med éin spelemann i heile arkivet. Denne spelemannen er Knut Bergheim d.e. frå



FOTO: ERLAND NERSTAD

Ola G. Okshovd (bak t.h.) spelar i lag med ein av læregutane sine, Ola Lie (1898–1957).

Beito. Riktig nok har Ingvar Hegge ein liten springarstubb med det same namnet der ein kan kjenne att eitt motiv frå denne forma, men det rokkar ikkje ved statusen som raudlista art.

6 «Den som 'n Knut Bergheim let jævla gødt», springar etter jævla gødt», springar etter

Torleiv Bolstad (vanleg stille, a-d-a-e)

Denne låtten finst i litt ulike versjonar, mellom anna med Andris Dahle, Knut Snorheim (1907–1986), Ola Grihamar (1910–1978) og Knut Bergheim d.e. Dahle hadde låtten etter Ivar Ringestad (1870–1953), Snorheim etter Ola Fystro (1868–1946), medan Ola Grihamar d.e. gav opp Andris Bunde (1850–1936) som kjelde. Dette kan tyde på at låtten har vore i bruk i både Slidre-bygdene og Vang. I tillegg er han kjent i variantar i Sogn og Nordfjord. Namnet me nyttar, skriv seg frå eit opptak med Knut Bergheim d.e. Det er nok gjort i eit festleg lag, for i bakgrunnen kan ein høyre skåling og flaskeklirring, og då låtten er ferdig, er det ein som ropar: «No let han Njut Bergheim jævla gødt!»
Arrangement: Sivert Holmen.

7 «Trulsen», halling etter Engebret Beitohaugen

(vanleg stille, a-d-a-e)
Engebret, eller Embrik som han vanlegvis vart kalla, Beitohaugen (1893–1963) hadde det meste



FOTO: NRK

Torleiv Bolstad (t.v.) og tradisjonskunnskaps-orakelet Haldor Røyne (1908–1979).



FOTO: UKJENT / VALDRES FOLKEMUSIKARKYR

Knut Bergheim d.y. og Marit Beitohaugen dansar. Embrik Beitohaugen spelar.



Andris Dahle lærer opp nokre unge lovande på 80-talet.

av spelet sitt etter faren Nils Beitohaugen (1863–1927). Beitohaugen hadde fått mykje av spelet sitt frå Vang, gjennom Lars L. Krøsshau (1812–1888). Denne hallingen har ein del fellestrekk med «Hølgjehallingen», som skal kunna sporast attende til ein av dei eldste spelmennene me veit om frå Valdres, Hølgje G. Høverstad (1759–1800).

8 «Slipesteinlåtten», springar etter

Ola G. Okshovd (låg bas, g-d-a-e)

«Slipesteinlåtten» er ein springar som har ein del fellestrekk med den Olav Moe (1872–1967) kalla «Sylkjegulen hass Bendik i Nø'n». Okshovd kallar også denne låtten «Saga-

låtten» på eit opptak, og det kan i den samanhengen nemnast at Gudbrand Beito (1885–1970) brukte namnet «Slipesteinlåtten» på den som oftast i dag blir kalla «Hundedengja». Greia med namnet er vel at det skal vera parti i låtten som skal minne om ein slipestein som går rundt og rundt.

9 «Søtebroke åt Nertrøste», lydarlåtten etter Andris A. Dahle (låg bas, g-d-a-e)

Dette er ein av dei mange lydarlåttena Andris Dahle hadde etter bestefar sin, Ivar Ringestad. I ungdomstida gjekk han over åsen frå Dale i Øystre Slidre til Ringestad i Vestre Slidre og lærte låttar av morfaren. Når det gjeld låtten,

så har han mykje til felles med «Røven, lambe-tjuven» eller «Tussebrureferde» som han også blir kalla. Ringestad hadde nok låtten i tradisjon etter Ola Strand på Søyne, som også skal ha namna låtten. Læreguten hans, Trond Eltun, hadde også dette namnet på låtten.

Nertrøst er ein gard i Vang, men kva ei søtebrok er, har me per dags dato ikkje funne ut av. Alt frå at det er prat om ei stasbrok, ei fele, ein hest, ein skjemtegauk, eit bortsjemt barn eller kanskje ei elskarinne, har vore lufta som teoriar. Eventuelt er det så enkelt som at ein mann frå Nertrøst likte låtten godt.

Arrangement: Sivert Holmen.

10 «Tassen», springar etter

Ola G. Okshovd (gorrlaus bas, f-d-a-e)

Dette er ein særst lite brukt lått som me ikkje veit opphavet til. Okshovd hadde tre springarar på denne stillinga, «Grimeliden» i tillegg til «Tassen» og «Huldrelått». Guttorm Grimelid var ein spelemann frå Krødsherad, og moglegvis kan denne låtten knytast til han. Torleiv Bolstad fortel på eit opptak at Ola Okshovd hadde denne låtten etter far sin, Gullik Okshovd (1826–1900) og det er ikkje urimeleg å førestille seg at han hadde alle tre låttane på denne stillinga frå same kjelda.

11 «Huldrelått», springar etter

Ola G. Okshovd (gorrlaus bas, f-d-a-e)

Nokon låttar går under nemninga «huldrelåttar», noko som kan tyde på at dei kan ha eit «underjordisk» opphav. Dei har gjerne til felles at dei har ein vemodig klang og går på eit meir sjeldan stille.

12 «Friaren», av John Dahle

(nedstilt Hanse-Håkun, f-c-a-e)

John Dahle (1874–1939) skal ha laga denne låtten, og komponisten og folkemusikk-innsamlaren Eivind Groven skreiv han ned på starten av 20-talet. I og med at det ikkje finst opptak med Dahle, er kjelda vår dermed notenedskrifta som finst i Hardingeveilverket. Johannes Dahle frå Tinn har på eitt eller anna vis, mest truleg gjennom Groven, tileigna seg låtten, og han finst dermed i tradisjon der.

John Dahle er elles mest kjend for å ha komponert «Ein sumarkveld i Jotunheimen» i lag med slektningen sin, Ola G. Okshovd, og for å ha vore med og stifta Landslaget for spelemenn i 1923. I tillegg skal han ha vore ein god både halling- og springardansar.



FOTO: HANS H. LIE / MAHHAUGEN

John Dahle.



FOTO NARVÉ SKARPMØEN VALDRES FOLKEMUSEUM

Olav Moe og Torkjell Haugerud.



FOTO: UKJENT/VALDRES FOLKEMUSEUM

Jøger Quale, hardingfeledetektiven, og Ola i Reishaga, alias Oscar Hamry.

13 «Kivle-springar», etter Oscar Hamry og Olav Moe

(nedstilt Hanse-Håkun, f-c-a-e)

Denne låtten er nok innført i Valdres frå Telemark av Olav Moe (1872–1967), og nokre av hans samtidige i Vestre Slidre, som Oscar Hamry (1884–1943), Ola K. Snortheim (1878–1973) (det finst opptak med sonen Knut Snortheim) og seinare Knut Trøen (1932–2017), hadde han på repertoaret. Olav Moe hadde likevel koplinga til Valdres klar:

«E hørde ein gamal slått hjå Torkel Haugerud i Telemarken ein gong so’ han kalla Kivle-springar. Den ska vera ette Håvard Gibøen på Møsstrond. Han Håvard han lærde tå Knut Lurås, og Lurås-karadn dei va mykje her o’ trefte ’n Jørn Hilme, o’ e har mistanke um at detta æ gamal Hilme-slått, som æ umforma te Kivle-springar» (Moe, 195?)

14 «Bondelått etter Knut Snortheim»

(huldrestille, trollstemt, St. Tomas-klukke-stille, g-d-fiss-e)

Knut Snortheim (1907–1986) fortel: «Førr mange år sean, dæ va nok sist i 30-åro trur e, då lærde e ein lått tå ’o Ivar Ringestad so e ikkje ha høyrd nokon a’n ha spelt . Anten dæ no va ein halling enn dæ va ein gamal bonde-



FOTO: ERLAND NEFSTAD

Knut Snorheim.

lått, dæ kan e ikkje hugse han sa noko um, men helst va dæ vøl dæ siste. Dæ som va lite ekstra mæ dessa låtte, va dæ at han gjikk på trøllstemt. Stundo ner e fekk 'n lvar te å låte Tømmesklukkelåtten tok 'n gjedne mæ denna andre lått'n mæ dæ sama, fordi 'n gjekk på sama stillingen. Dæ æ over førr-og-tjuge år sea, so han ha vøre heilt burte førr me, like te no her ein dag'n. Då kom e på eit lite vek, o'

mæ dæ so' utgangspunkt, så greidde e å plukke fram dæ meste tå låtte. E ska prøve å spela'n, slek e hugsa'n no, o' e tru' e ska ha mæ dæ meste» (Snorheim, 1972).

Kjellbjørn tipsa Synnøve Bjørset om dette opptaket i 2014. Ho har brukt låtten mykje, og seinare kom låtten attende då ho lærte han bort på kurs i Valdres.



De tre fremste mesterspelemennene under årets Jørn Hilmekapleik. I midten vinneren Torleiv Bolstad, Øystre Slidre med Ola Bøe, Oslo til venstre og Geir Harald Fodnes til høyre.

Faksimile frå Oppland Arbeiderblad, 31. juli 1972.

15 «Fa'n i Bjerset», springar etter

Ola Bøe (den grønne stillinge, g-d-a-h)

Låtten går på den grønne stillinga, og Ola Bøe (1910–1986) spelte inn låtten for Sven Nyhus på 70-talet. Det er elles verd å merke seg at låtten finst i ulike variantar i Vestre Slidre og Vang, mellom anna i former etter Olav Moe og Ola Grihamar (han kallar låtten «Den faen hulla då dei støkte 'n i Kvålsmørken»).

Ifylgje Olav Moe er låttenamnet knytt til spelemannen Kristen i Brøta, som var fødd i Kvålsbrøta ikring 1850. Han Kristen hadde sett seg føre at han ville bli den beste spelemannen i bygda, og som vanleg i dei dagar trudde dei at skulle det bli noko omfram, måtte det skje i samvær med djevlemakter.

Kristen i Brøta hadde såleis avtale å møte hinmannen. Dei skulle råkast i Bjerset i Kvåls-

mørken, ein støl. Han la i veg ein torsdagskveld, seier segna. Fela hadde han under armen. Men då han kom opp i Kvålsåsen i kveldinga, møtte han ein svart hund med eit så skremmande augnekast at Kristen snudde og gjekk heim. Dette harma han seg over heile veka. Neste torsdagskveld la han i veg att. Men då han kom austa åsen, møtte han ein mann som rei på ein halv hest. Då snudde han att i stor fælske. Men tredje torsdagskvelden tenkte han med seg at no skulle det skje. Då han kom til Bjerset, sat det ein gråkledd, liten kar på salthella ut i trøa. Kristen lét som ingen ting og låste seg inn i selet. Den gråkledde kom etter. «Den natte», sa Kristen, «lærde e meir enn e visste før, mellom anna lærde e å trølle åv strengjdn for andre spelemenna» (Hermundstad & Moe, 1968).

16 «Liahaugen», springar etter Ola G. Okshovd (den grøne stillinge, g-d-a-h)

Dette er ein av dei låttane Ola G. Okshovd spelte inn i NRK-studioet «Fenalåret» i 1947, som var spesialdesigna for folkemusikk generelt og hardingfele spesielt. Låtten har nok knapt vore nytta sidan Okshovd levde, men finst også i ei innspeling med Knut Bergheim d.e.

Låttenamnet er moglegvis noko Okshovd har kome på å døype låtten, i mangel av eit anna namn. Fleire av namna han brukte då han spelte inn i NRK (for eksempel dukkar det opp låttenamn som «Vårstemning», «Raudalen», «Solrenning» og «Tassen»), har ikkje levd vidare i den munnlege tradisjonen, så vidt me veit. Det var antakeleg før hans tid noko vanlegare å setja personnamn (gjerne knytt til låttestev eller spelemenn) heller enn stadnamn på låttane.

Liahaugen var opphavleg ein plass under Lie synst i Beito. Det vart sjølveigarbruk frå 1842, og på Okshovd si tid budde Jon i Liahaug (1840–1942) der. Han var fjellkar, fiskar, reinskjytta, snikkar og ein god forteljar – alt som Okshovd sjølv var. Moglegvis ville Ukshøvd'n heidre han med dette låttenamnet.

Låtten er også nedskreven i hardingfeleverket av Arne Bjørndal, då under namnet «Ljosblått». Dette høver mindre bra, i og med at låtten går på «den grøne stillinge». Okshovd skal ha lært låtten av Nils Beitohaugen.



FOTO: HANS LIE

Ein ung Ola Okshovd fotografert som 20-åring i 1892.



FOTO: BJØRN NYLANDER

17 «Hanse-Håkun», springar etter

Jørgen Bøe (Hanse-Håkun-stille, a-e-a-e)

Jørgen Bøe, bror til den meir kjente Ola Bøe, har spelt inn rundt 20 låttar som har hamna i Valdres folkemusikkarkiv, og éin av desse er den låtten som har gjeve namnet til dette fele-stillet. Kva namnet Hanse-Håkun kjem av, har ikkje vore lett å finne ut av, men ein ikkje usannsynleg teori er at det eigentleg kan vera snakk om ein Hanse-Jakup, som O.K. Ødegaard set i samanheng med den nokså kjente segna om Guro Ljøseeng.

Guro, som var frå ein av dei største gardane i Skrautvål, gjekk på stabbeutt ein imbreeftan (veka før jul då ein helst skulle halde seg inne for å unngå skrømta som hadde ein tendens til å dukke opp på den tida). Ho kom ikkje inn att, og uansett kor dei leita, var ho ikkje å finne. Difor mistenkte dei at ho var haugteken, og dei tok til å ringe med klokkene i Skrautvålskyrkja. I tre dagar ringde dei, og til slutt hørte dei:

Ding-dang-dalang

Tøsstein Langbein

Guro Ljøseeng

Ding-dang-dalang.

Men ringinga hjalp te ikkje, og til slutt heldt dei opp. Det er då denne Hanse-Jakup (1681–1758) dukkar opp. Han var frå ein plass som heitte Hansehus, og dei karane som budde

der, vart difor kalla «hansadn». Denne Hanse-Jakup hadde elles ein son som heitte Håkon (f. 1718), så det er difor ikkje urimeleg om han vart kalla Hanse-Håkon. Vidare fortel segna at Hanse-Jakup hadde drukke seg full ein imbreeftan «o’ daa skrøyætæn me’ mykji o va noko te kar. O i blant anna so banna han paa, at de’ kji va haugafølk te», fortel Ødegaard. Dei som sat og hørte på dette her, egga han til å legge seg ved Ljøseengrinda den same natta, «o kan de’ nok hælde, du faar sjaa de’ du minst venta».

Ved midnattsleite la han seg der, og han hadde ikkje lege der lenge før det kom eit stort fylgje ridande. Fyrst rei ein stor blåkledd mann på ein gild, svart hest. Nasen rakk mest nedpå salknappen, og føtene var så lange at dei nesten dingla nedpå veggen. Då han fekk sjå Jakup, som hadde lagt seg så lang han var med armene retta ut så han såg ut som ein kross, sa mannen: «Au, au, der ligge dæ ein kross!» Men bakarst i fylgjet rei det eit kvinnfolk og då ho såg Jakup, sa ho: «De’ e’ kji nokon kross; de’ e’ berre han Hanse-Jakup.» No drog Jakup kjensel på henne, det var ho Guro Ljøseeng. Ho fortalde at det var mannen hennar, Tøsstein Langbein, som rei fyrst. «De’ va vel, de heldo upp me’ ringjingen, daa de gjorde de, før daa va e komin ratt innaat skjigare ved Ljøseening. Hadde de halde paa lite



FOTO: BJÖRN NYLANDER

te, so ha e kome heimatt. Men daa ha e kji faatt ein helsedag sia. No e' e kjæringe hass Tøsstein o leve so gøtt so de' vøre jolehelg heile tie» (Ødegaard, 1917).

John Dahle og Ola G. Okshovd har elles bygd ut denne låtten til den vidgjetne «Ein sumarkveld i Jotunheimen».

Arrangement: Sivert Holmen.


18 «Tusselåtten», bonde etter Knut Snorheim (Hanse-Håkun-stille, a-e-a-e)

Knut Snorheim fortel at dette er ein gamal lått, og han er ikkje heilt sikker på om det er ein bondelått eller halling, men hallar mot det fyrstnemnde. Broren, langeleikvirtuosen Olav Snorheim, spelar den same låtten på langeleik, og han er nokså kjent på det instrumentet. Elles er det ikkje utruleg at Snorheim-karane kan ha hatt kontaktar på Agder-kanten, for like versjonar av låtten er nokså vanleg i Setesdal, då som «Systerslått».

Arrangement: Sivert Holmen og Sindre Tronrud.

Referansar

- Bergheim d.y., K. (196?). Tiggerlåtten. På NFSTr-0055: 6. Norsk folkemusikksamling.
- Foss, L. (Regissør). (1975). Folkemusikk i Valdres [Film]. Henta frå tv.nrk.no/serie/folkemusikk-i-valdres/1975/FOLA00007875/avspiller
- Hermundstad, K., & Moe, O. (1968). Folke-musikarar i Valdres. I K. Hermundstad, Valdres bygdebok 6: Skule, lag og annan kultur. Leira: Valdres bygdeboks forlag.
- Moe, O. (195?). Kivlespringar. På NFSTr-0540: 51. N. folkemusikksamling.
- Snorheim, K. (1972). Bonde eller halling på trøllstern. På VS-0089. Valdres folkemusikk-arkiv .
- Ødegaard, O. K. (1917). Gamal tru og gamal skjikk – o noko taa kort ifraa Valdres. Kristiania: Olaf Norlis forlag.



Innspelt i Høre stavkyrkje

Innspeiling, miks og mastering: Strype audio ved Audun Strype

Foto: Björn Nylander

Grafisk form: Eva Karlsson

Arkivfoto og tekst: Kjellbjørn Karsrud

Takk til: Valdres folkemusikklag for økonomisk støtte til utgjevinga